



Dei fleste av dei 50 østerrikarane flokka rundt trekurasar på Kjerland.

Uskedalen har hatt eit heilt spesielt og svært smigrande besøk i ettermiddag: 50 bønder frå Niederøsterreich har vore på garden til Hans Reidar Kjærland.

Han har i mange år vore ein foregangsmann for den storvokste og allsidige rasen simmental her i landet. Det er den dominerande rasen i Østerrike med ein andel på 85 prosent. og det er ikkje for mykje sagt at vertskap og besøkjande fann kvarandre!



Anne Marit Myhre orienterar nokre av gjestane

Når østerrikarane er gemyttlege og kunnskapshungrige og verten er ein flink gardbrukar og profesjonell guide måtte eit møte som dette bli vellukka. Bøndene som driv med Zimmental i Østerrike er i stor grad konsentrert til Niederøsterreich og dei har i dei siste 20 åra vore på studiereiser rundt i Europa. I år kom turen endeleg til Noreg og her står Norsk Simmentalforening, der Kjærland har vore styremedlem, naturleg nok som vertskap under ei rundreise frå 14. til 18. april.

Gruppa starta på Hamar og kjem attende dit etter å vore innom Vestlandet. To andre gardsbesøk er lagt inn i tillegg til Staur i Stange som er ein vesentleg stad for all husdyravl.

Hans Reidar og sambuar Anne Marit Myhre har stått på med førebuingane i fleire dagar, det skulle til både fjøsvask og klauvskjæring. No har dei 18 mjølkekyr og to tredelar av dei er simmental,. I tillegg kjem NRF-kyr og nokre ungdyr av rasen brown swiss som er ganske ny på garden.

Hans Reidar og Anne Marit hadde lagt opp til ein skikkeleg velkomst for gjestene. Etter ein intens spørjerunde vart det servert Hardangersider frå Ulvik og sjokoladecake og så var det gruppevis omvisning i fjøset. Gjestene var svært interessert i drifta til verten og dei vart ikkje minst imponert over at han i stor grad hadde henta simmental frå deira land - faktisk heilt frå starten i 1995.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Hans Reidar Kjærland og delegasjonsleiar Peter Kreuzhuber